


Rusmiddelplan

for

Vaksdal Kommune



Utarbeida av plannemnd oppnemnt av Vaksdal Kommunestyre
Kommunesstyresak 46/04, vedteken 15. november 2004
Sist oppdatert 20. februar 2006.

Innholdsregister

1. INNLEIING	4
1.1 FØREORD	4
1.2 BAKGRUNN FOR SAKA.....	4
1.3 LOVGRUNNLAGET	4
2. REGISTRERING AV EDRUSKAPSTILHØVA I VAKSDAL KOMMUNE	5
2.1 ALKOHOLOMSETNINGA I KOMMUNEN	5
2.1.1. Talet på skjenkestader pr. 01.06.2004	5
2.1.2 Salsstadar for drikkevarer med alkoholinnhald opp til 4,76%.....	6
2.1.3 Registrert ølsal i Vaksdal kommune.....	6
2.2 ALKOHOLAVGIFTA	7
3. EKSISTERANDE FØREBYGGANDE TILTAK	7
3.1 FAGFOLK OG ORGANISASJONAR SOM ARBEIDER FØREBYGGJANDE MOT BRUK AV RUSMIDLAR	7
3.1.1 Konsulent for barn og ungdom.....	7
3.1.2 Nattevandrarar.....	7
3.1.3 Idrettslaga.....	7
3.1.4 Ving.....	8
3.1.5 Kristelege barnelag.....	8
3.1.6 Vaksdal Kristelege Ungdomslag.....	8
3.1.7 Vaksdal skulemusikk.....	8
3.1.8 Dale og Stanghelle skulekorps.....	8
3.1.9 Ungdomsklubbar.....	8
3.1.10 Juvente	8
3.2 INFORMASJONS OG OPPLYSNINGSARBEID	8
4. BEHANDLINGSTILBOD INNAN RUSMIDDELOMSORGA	9
4.1 SKILDING AV DEI ULIKE INSTITUSJONSTYPANE	9
4.1.1 Vanleg somatiske sjukehus.....	9
4.1.2 Psykiatriske sjukehus og klinikkar	9
4.1.3 Kurstader	9
4.1.4 Tilsynsheimar.....	9
4.1.5 Verneheimar.....	9
4.1.6 Avrusingsstasjonar.....	9
4.1.7 A-klinikkar.....	10
4.1.8 Diverse private institusjonar.....	10
4.2 BEHANDLINGSTILBOD I HORDALAND INNAN RUSMIDDELOMSORGA	10
4.2.1 Stiftelsen Bergensklinikkene.....	10
4.2.2 Askøy Blå Kors klinikk	10
4.2.3 Floenkollektivet, Manger	10
4.2.4 Kalfarkollektivet, Bergen	10
4.2.5 Psykiatrisk ungdomsteam ved Haukeland- og Sandviken sjukehus.....	10
5. RETNINGSLINJER I HØVE SAL- OG SKJENKING AV ALKOHOLHALDIG DRINK	11
5.1 ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINER FOR TILDELING AV SALSLØYVE.....	11
5.2 ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINER FOR TILDELING AV ALMINNELEG SKJENKELØYVE	11
5.3 UTVIDING AV SKJENKEOMRÅDE.....	11
5.4 ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINER FOR TILDELING AV EINSKILDE LØYVE ETTER §1-6	12
5.5 ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINER FOR TILDELING AV AMBULERANDE LØYVE ETTER §4-5.....	12
5.6 ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINER FOR LØYVEFRI SKJENKING	13
5.7 VILKÅR I HØVE LØYVE ETTER §§1-6 OG 4-5	13
5.8 SANKSJONER	14
5.9 KONTROLLVERKSEMD.....	15
6. FRAMLEGG TIL TILTAK	15
6.1 TILTAK RETTA MOT TILGANGEN AV ALKOHOL	15
6.2 TILTAK RETTA MOT BRUKEN AV RUSMIDLAR	16

6.2.1 Miljøarbeid.....	16
6.2.2 Klubbleiar	16
6.2.3 Førebyggjande kontrolltiltak.....	16
6.2.4 Skapa og støtta gode arenaer/aktivitetar som utelukkar rusmidlar	17
6.2.5 Punktfråhald.....	17
6.2.6 AKAN	17
6.3 INFORMASJONS OG OPPLYSNINGSARBEID	18
6.4 PLANNEMND	18
6.5 TILTAK RETTA MOT SKADEVERKNADEN AV RUSMISBRUK.....	18
6.5.1 Informasjons- og opplysningsarbeid.....	18
6.5.2 Ettervern.....	19

1. Innleiing

1.1 Føreord

Rusmiddelplanen er eit redskap som skal vera med å gjera kommunen vår til ein tryggare stad å bu og ferdast i for innbyggjarane. Det er dei svakaste ledda i rusmiddelsamanheng som må skapa terskelen for regelverket. Difor vil restriktive og haldningsskapande idear vera grunnlaget for denne planen.

1.2 Bakgrunn for saka

Det blei hausten 2002 gitt signal frå politikarane i Vaksdal Kommunestyre om at dei ville vere meir aktivt med for å utarbeide ny rusmiddelplan.

Det vart difor hausten 2003 satt fram forslag frå administrasjonen om at det blei satt ned ei nemnd. Nemnda ble satt saman av følgjande medlemmar:

Odd Alvheim (saksordførar)
Kjellaug Løland
Boris Groth

Tore F Steenslid er representant frå administrasjonen og er også sekretær for nemnda.

Nemnda har også hatt møte med relevant fagfolk:

Kjell Baartvedt (lensmann i Vaksdal)
Ole Jonny Domben (kultur, barn- og ungdomskonsulent)
Mons Stamnes (rådgjevar helse og skule)
Harald Lyngmo (lærer ved Dale ungdomsskule)

Det er også eit faktum at gjeldande rusmiddelplan er frå 1996. Ny rusmiddelplan frå 2000 og revidert utgåve i 2002 blei aldri vedtatt av kommunestyret. Det er difor viktig for kommunen at ein får ein oppdatert og relevant rusmiddelplan.

Ein vil også nytte høvet til å samanfatta alle reglement og planer i høve omsetnad av alkohol i denne planen. Det betyr at skjenkereglementet til kommunen (frå sak 02/00708) er integrert i denne planen.

1.3 Lovgrunnlaget

Det er i dag fleire lover som legg grunnlaget for det arbeidet som vert gjort innanfor rusmiddelfeltet:

- Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk av 02.06.1989 nr.27, oppdatert seinast 1. juli 2005.
- Lov om sosiale tenester av 13.12.91 nr.81
- Straffelova av 22.05.1902
- Lov om legemidler av 04.12.1992
- Lov av 17. juli 1992 om barneverntenester
- Lov av 5. august. 1994 om vern av smittsame sjukdomar

- Lov av 28.april 1961 om psykisk helsevern

Alkohollova har i fyrste kapittel allmenne formuleringar. Det er her særleg å merke seg at alkohollova har eit uttrykt føremål:

§ 1-1:

"Regulering av innførsel og omsetning av alkoholhaldig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer."

Lova tek vidare for seg innførsel, utførsel, sal av alkoholhaldig drikk, kommunale skjenkeløyve, statlege skjenkeløyve, salsrett for tilverkar og diverse forbod og påbod.

Lov om Sosiale Tjenester frå 1. januar 1993 seier at ansvaret for rusmisbrukarar ligg til kommunen, og lova integrerer omsorga for rusmisbrukarar i den generelle kommunale sosial omsorga. Dette vil sei at det er kommunen sitt ansvar å driva generell førebyggjande verksemd, motvirka misbruk av alkohol og andre rusmidlar, og informera om skadeverknader av slik bruk. Kommunen har ansvar for opplysning, råd og rettleiing til rusmisbrukarar, i tillegg har kommunen, saman med fastlege, ansvar for behandling evtuelt søknad om innlegging i institusjon, oppfølging og ettervern av rusmisbrukarar.

2. Registrering av edruskapstilhøva i Vaksdal Kommune

2.1 Alkoholomsetninga i kommunen

2.1.1. Talet på skjenkestader pr. 01.06.2004

Kommunestyret fatta våren 2004 følgjande vedtak om skjenkeløyve:

- Nye Dale Vertshus AS får alminneleg skjenkeløyve for øl og vin, samt brennevin for slutta lag. Det vert gjeve løyve til å servere øl og vin på omsøkte uteområde fram til kl. 2100. Skjenketida vert sett til kl. 0900 – 0130 på kvardagar og kl. 1300 – 0100 på søndagar.
- Camillas Kro får alminneleg skjenkeløyve for øl og vin, samt løyve til å skjenke utandørs foran kafeen om lag 20 m². Skjenketida vert sett til kl. 1200 – 2300 alle dagar.
- BKK Kurssenter får innvilga skjenkeløyve for øl, vin og brennevin for slutta lag. Skjenketid for øl og vin vert sett til 1000 – 0100 på kvardagar og 1300 – 0100 på søndagar. Skjenketid for brennevin vert sett til kl. 1300 – 2400 alle dagar.
- Osterfjord sjøreiser AS får alminneleg skjenkeløyve for øl og vin, samt brennevin for slutta lag. Det vert gitt løyve til å skjenke på Kvamme kai, Kvamsnaustet og ombord på M/S Veafjord. Skjenketid for øl og vin vert sett til 0900 – 0100 på kvardagar og 1300 – 0100 på søndagar. Skjenketid for brennevin vert sett til kl. 1300 – 2400 alle dagar.

Løyva gjeld for perioden 1/7-2004 – 30/6-2008.

2.1.2 Salsstadar for drikkevarer med alkoholinnhald opp til 4,76%

Følgjande daglegvarebutikkar har salsløyve:

- Spar Dalekvam
- Coop Marked Stanghelle
- Coop Marked Stamnes
- Coop Marked Dalekvam
- Coop Marked Vaksdal
- Eksingedalen Nærbutikk.
 - Eidslandet Nærbutikk, Eidsland

Salstider er i butikkane si ordinære opningstid, som kan variera noko frå butikk til butikk, men ikkje seinare enn kl. 20⁰⁰ på kvardagar, og kl. 18⁰⁰ på dagar før søndag og heilagdagar.

Løyvet gjeld for perioden 1/7-2004 – 30/6-2008.

Det er etter at dei ordinære løyva vart vedtatt våren 2004, gjort følgjande endringar når det gjeld skjenkeløyve:

- Nye Dale Vertshus får alminneleg skjenkeløyve for øl, vin og brennevin. Det vert gjeve løyve til å servere øl, vin og brennevin på omsøkte uteområde fram til kl. 2300. Skjenketida vert sett til kl. 1000 – 0230 for øl og vin alle dagar. For brennevin vert skjenketida satt til 1300 – 0230 alle dagar.
- Vaksdal sjukeheim får alminneleg skjenkeløyve for øl, vin og brennevin. Skjenketida for øl og vin vert sett til kl. 1200 – 2300 alle dagar. For brennevin vert skjenketida sett til kl. 1300 – 2300 alle dagar. Same skjenketid gjeld også for balkongar og verandaer som er ein naturleg del av Vaksdal sjukeheim.
- Daletunet omsorgssenter får alminneleg skjenkeløyve for øl, vin og brennevin. Skjenketida for øl og vin vert sett til kl. 1200 – 2300 alle dagar. For brennevin vert skjenketida sett til kl. 1300 – 2300 alle dagar. Same skjenketid gjeld også for balkongar og verandaer som er ein naturleg del av Daletunet omsorgssenter.

2.1.3 Registrert ølsal i Vaksdal kommune

Omsetning i liter:

1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002
153 351	150 009	135 579	161 959	139 020	143 951	154 842	132 449	155 173

Oversikta viser at omsetninga av øl i Vaksdal er variabel. Sal av andre alkoholhaldige drikker enn øl (rusbrus, cider og lettvin) blei først tillat i butikk frå 1. januar 2003 og er difor ikkje med her.

2.2 Alkoholavgifta

Etter forskrift av 11 des.1997 nr.1292 kap.10 § 11-1 og 11-2, revidert 2005 gjeldande frå 1.1 2006, gjelder følgjande:

Gebyret skal betales etter følgende satser:

Sal av øl: 0,17 kr pr vareliter.

Skjenking av alkoholholdig drikk:

0,34 kr. pr vareliter øl

0,94 kr. pr vareliter vin.

3,07 kr. pr vareliter brennevin

Bevillingsgebyret utgjør pr. år minimum kr. 1 200 for salg og kr. 3 500 for skjenking.

Bevillingsmyndigheten kan likevel i særlege tilfeller bestemme at gebyret kan settes lavere. For ambulerende bevilling kan bevillingsmyndigheten kreve et gebyr på inntil kr. 250 pr gang.

Det vert skreve eiga sak kvart år til kommunestyret om utrekning av alkoholavgift.

Frå 1. januar 2002 vert det endring i avgifta for eit einskilde løyve. Den skal no i hovudregelen vere på kr. 3 000,- for kvart løyve. Vaksdal kommune har i sak 02/00708 fatta vedtak på eige skjenkereglement i høve dette. Det vart der laga egne betalingssatsar for einskilde løyve etter omsetnaden på kvart einskild arrangement. Dette er no integrert i rusmiddelplanen. Dette er igjen oppdatert pr. 1. januar 2006 med dei satser som er i avsnittet over.

Alkoholavgifta vert nytta til å betale kommunen sine utgifter til sals- og skjenkekontroll.

3. Eksisterande førebyggande tiltak

3.1 Fagfolk og organisasjonar som arbeider førebyggjande mot bruk av rusmidlar

I utgangspunktet er alle organisasjonar som driv aktivitetar for barn og ungdom prinsipielt rusfrie.

3.1.1 Konsulent for barn og ungdom

Kommunen har heil stilling som kultur, barn og ungdomskonsulent. 50% for kultur og 50% for barn og ungdom. I dette siste inngår det mellom anna arbeid med ungdomsklubbar.

3.1.2 Nattevandrarar

Våren 2000 vart det etablert nattevandrargrupper på Dale, Vaksdal og Stanghelle. Føremålet er førebygging av rus og vald i ungdomsmiljøet. Prosjektet er eit samarbeid med Røde Kors.

3.1.3 Idrettslaga

Målgruppe: Born og ungdom frå 5 - 17 år.

Norges Idrettsforbund er den organisasjonen som har flest medlemmer på grasrota. Dei har ein formålsparagraf med eit klart antirusstandpunkt.

Idrettslaga gjer eit stort arbeid for barn og unge og særleg i dei yngste årsklassane. Diverre veit vi at miljøet rundt idretten har akseptert rusbruk. Dette gjeld også på lokalplan. Det er også eit tankekors at deler av aktiviteten vert finansiert ved tilstellingar der alkoholsal er ein vesentleg del av inntekta. Dette er ikkje spesielt for vår kommune, men fortel noko om den økonomiske situasjonen til idrettslaga.

3.1.4 Ving

Målgruppe: Ungdom frå 12 - 16 år. Tilslutta Nordhordaland Indremisjon.

3.1.5 Kristelege barnelag

Målgruppe: Barn opp til 12 år. Tilslutta Nordhordaland Indremisjon.

3.1.6 Vaksdal Kristelege Ungdomslag

Målgruppe: Ungdom frå 13 år og oppover. Tilknytt Vaksdal Bedehus.

3.1.7 Vaksdal skulemusikk

Målgruppe: Barn frå 10 - 17 år.

3.1.8 Dale og Stanghelle skulekorps

Målgruppe: Barn frå 10-17 år.

3.1.9 Ungdomsklubbar

Målgruppe: Ungdom frå 13 - 18 år. Det er ungdomsklubbar på Dale, Vaksdal og Stanghelle.

3.1.10 Juvente

Fleire aktive medlemmer frå Vaksdal kommune. Driv regionalt med aktivitet i vår kommune.

3.2 Informasjons og opplysningsarbeid

Skulen har haldningsskapande arbeid knytt til spesielle fag, emne eller prosjekt. Elevdeltaking i regionale kurs hjå Juvente med tilbakemelding og lokalt opplegg i 10 klasse. Arrangerer foreldremøte med rusmiddel som spesielt emne, og foreldremøte om samarbeid mellom skulen og heimen om grensesetting. Foreldra på ungdomsskulen er inne i det rusførebyggande arbeidet. Ungdomsskulen deltek i kampanjen "Mot røyk".

Lensmannsetaten oppsøker skular, ungdomsklubbar m.m., og snakkar om rusproblem blant ungdom. Vidare har etaten under aktiv teneste oppsøkt stader der det har vore arrangert dans, klubbkveldar m.m.

Sosialetaten gjev støtte til følgjande:

- Ungdomsheftet om rusmidlar til konfirmantar "Din Dag" kvart år.
- Folkets opplysningsnummer om rus til ungdomsskuleelevar.
- 6 ungdomsskuleelevar (10 kl.) som deltek på kurs om "Haldning mot rusgift" ved Åsane folkehøgskule.

4. Behandlingstilbod innan rusmiddelomsorga

4.1 Skildring av dei ulike institusjonstypene

Innanfor rusmiddelomsorga har ein desse behandlings- og omsorgsinstitusjonane:

4.1.1 Vanleg somatiske sjukehus

Desse tek imot ein del akutte tilfelle, forgiftningar m.v. Einskilde sjukehus tek også imot pasientar til avrusing.

4.1.2 Psykiatriske sjukehus og klinikkar

Eit stort antall personar med alkoholisme som hovud- eller bidiagnose vert i dag handsama ved psykiatriske institusjonar.

4.1.3 Kurstader

Dette er institusjonar for langvarig handsaming for å bringe pasientane på fote igjen, fysisk, psykisk og sosialt. Gjennomsnittleg opphaldstid er 3-6 månader.

4.1.4 Tilsynsheimar

Overgangsinstitusjonar for personar med alkoholproblem som ein ventar å kunne attendeføre til vanleg arbeidsliv. Desse tilsynsheimane fungerer ofte som buform før/etter kurhandsaming, ofte kombinert med at pasientane samstundes får eit oppfølgingstilbod.

4.1.5 Verneheimar

Desse institusjonane er tenkt som varige butilbod for personar som har brukt alkohol i så mange år at det er lite von om at dei kan tilpasse seg eit vanleg bumiljø og bli rehabiliterte til å fungere normalt i arbeidslivet.

4.1.6 Avrusingstasjonar

Institusjonar der rusa personar kan leggjast inn under sosialmedisinske, forsvarlege tilhøve. Kortvarige opphald, sjeldan meir enn ei veke. Opphaldet tek sikte på å motivere den einskilde til vidare behandling for alkoholproblema sine.

4.1.7 A-klinikkar

Behandlingsinstitusjonar på linje med kurheimane, med eit meir kortvarig behandlingstilbod. Desse klinikkane har dessutan eit behandlingssopplegg som er meir medisinsk prega.

4.1.8 Diverse private institusjonar

Innan alkoholist- og narkotikaomsorga er mange frivillige organisasjonar som på idealistisk - eller religiøs grunn, driv behandling, tilsyn, opplæring osv. for personar med rusproblem.

4.2 Behandlingstilbod i Hordaland innan rusmiddelomsorga

Med verknad frå 1. januar 2004 vert ansvaret for alle rusinstitusjonar som var på den fylkeskommunale plan overtatt av Staten. Dei som var eigd av fylkeskommunen er no eigd av Staten. Alle samarbeidsavtaler med private er også vidareført (i Hordaland gjeld dette Blå Kors og Stiftinga Bergensklubben). Desse institusjonane (som er lista opp nedafor) vert no rekna som ein del av spesialisthelsetenesta, og er underlagt dei regionale helseforetaka. For kommunane betyr dette mellom anna at ein ikkje lenger treng å betale kommunal eigenandel for slike institusjonsopphald.

Hordaland fylke har pr. 1. juni 2004 følgjande institusjonar innan den offentlege rusmiddelomsorga:

4.2.1 Stiftelsen Bergensklubbene

Består av Hjelpestadklubben, Metadonklubben, Skutevikenklubben og poliklinikk. Døgn: 65, Dag: 100 og Poliklinisk; 280. Privat stifting.
Tvangsinnlegging og §12 soning.

4.2.2 Askøy Blå Kors klinikk

24 plassar. Eigar: Blå Kors
Har og §12 plassar(soning) og tvangsinnleggingar etter Lov om sosiale tenester.

4.2.3 Floenkollektivet, Manger

18 plassar – over 25. Eigar: Staten
Bu- og arbeidskollektiv. §12 soning

4.2.4 Kalfarkollektivet, Bergen

9 plassar 18 - 30 år. Eigar: Kirkens sosialtjeneste
Bu- og arbeidskollektiv. §12 soning

4.2.5 Psykiatrisk ungdomsteam ved Haukeland- og Sandviken sjukehus.

45 og 63 polikliniske plassar. Eigar: Staten.
Poliklinikk ved sjukehus.

Kjelde: Stiftelsen Bergensklubben sine internettsider.

5. Retningslinjer i høve sal- og skjenking av alkoholhaldig drikk

5.1 Alkoholpolitiske retningslinjer for tildeling av salsløyve

1. Tildeling og utøving av salsløyve skal vera i samsvar med alkohollova og forskrifter til lova.
2. Salstider er i butikkane si ordinære opningstid, men ikkje lenger enn til kl.20⁰⁰ på kvardagar og 18⁰⁰ på laurdag og dag før heilagdag.

5.2 Alkoholpolitiske retningslinjer for tildeling av alminneleg skjenkeløyve

1. Disse retningslinjer skal, saman med gjeldande lovverk, liggja til grunn for Vaksdal kommune si vurdering av søknader om alminneleg skjenkeløyve.

Det er vidare ein føresetnad at eit alkoholpolitisk skjøn vert utøvd ved handsaming av slike saker. Ved utøving av eit alkoholpolitisk skjøn skal verksemda si plassering og kva målgruppe denne vil nå vektleggjast.

2. Det bør ikkje gjevast løyve til reine skjenkestader. All servering av alkohol bør knytast til anna verksemd der det er rimeleg at løyve vert gjeve.
3. For serveringsstader som søkjer om alminneleg skjenkeløyve bør det ved vurderinga leggjast vekt på følgjande:
 - Serveringsstader bør ha kjøkken som held ope minimum 2 timar før lukkingstid.
 - Serveringsstaden bør ha fast meny eller a' la carte.
4. Alminneleg skjenkeløyve for brennevin bør berre gjevast til hotellverksemder.
5. Ved søknad om alminneleg skjenkeløyve skal ei heilskapleg vurdering av ovannemnde punkt leggjast til grunn.
6. Omsetnaden skal fylgja gjeldande lover, føresegner og retningslinjer for omsetnad av alkohol.
7. Løyvet kan inndragast ved brot på regelverket.

5.3 Utviding av skjenkeområde

Verksemder som har alminneleg skjenkeløyve kan for eit einskild høve nytte løyve til å skjenke alkohol utafør godkjent skjenkeområde.

Kommunen har eigne søknadsskjema ein må nytte, og søknaden skal sendast lensmannen.

Det må søkjast om dette minimum tre veker før arrangementet skal haldast.

Det vert ikkje avkrevd eige avgift for dette. Omsetnaden på arrangementet skal leggest til den totale omsetnaden for verksemda når omsetnadsoppgåve vert sendt kommunen kvart år i samband med utrekning av sals- og skjenkeavgift.

5.4 Alkoholpolitiske retningsliner for tildeling av einskilde løyve etter §1-6

Dette regulerer løyve gitt etter §1-6 i Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk. Slikt løyve vert gitt til opne arrangement som ønskjer å skjenke alkohol.

1. Gebyret pr. tildelt einskideløyve gitt etter §1-6 vert sett til kr. 600,-. Dette gjeld for arrangement der forventa omsetnad, etter utrekning på grunnlag av satsane i forskrifta, ville gitt eit gebyr på inntil kr. 300,-.
2. Gebyret pr. tildelt einskideløyve gitt etter §1-6 vert sett til kr. 3 500,-. Dette gjeld for arrangement der forventa omsetnad, etter utrekning på grunnlag av satsane i forskrifta, ville gitt eit gebyr på mellom kr. 300,- og kr. 3 000,-.
3. Gebyret pr. tildelt einskideløyve gitt etter §1-6 vert sett etter reelt utskjenka mengde vareliter alkohol. Dette gjeld for arrangement der forventa omsetnad, etter utrekning på grunnlag av satsane i forskrifta, ville gitt eit gebyr på meir enn kr 3 500,-.

Gebyret vert fastsett etter forventa omsetnad, og skal betalast seinast tre dagar før løyvet skal brukast. Rekning vert sendt frå Heradskassa. Er ikkje løyvet betalt, kan ein ikkje ta det i bruk.

Løyvehavar skal sende inn opplysningar om faktisk omsetnad innan to veker etter at arrangementet er gjennomført. Saman med oppgåva skal det følgje kvittering frå den alkoholen er kjøpt hos.

Har ein fått tildelt løyve etter punkt 1, og det ved kontroll viser at omsetnaden ville gitt eit gebyr på over kr. 300,- vert det føretatt eit etteroppgjer. Er det gitt løyve etter punkt 3, og det er ein vesentleg forskjell mellom faktisk og forventa omsetnad, vert det føretatt eit etteroppgjer.

Satsar i forskrifta for betaling av gebyr:

Øl: Kr. 0,34- for kvar vareliter.
Vin: Kr. 0,94- for kvar vareliter.
Brennevin: Kr. 3,07- for kvar vareliter.

Kommunen har eigne søknadsskjema ein må nytte, og søknaden skal sendast lensmannen.

5.5 Alkoholpolitiske retningsliner for tildeling av ambulerande løyve etter §4-5

Gebyr pr. tildelt ambulerande løyve gitt etter §4-5 vert sett til kr. 250,-.

Ein kan nytte ambulerande løyve til lukka selskap, t.d. bryllaup og konfirmasjonar, som ikkje fyller vilkåra til løyvefri skjenking. Det er eit vilkår for å nytte slikt løyve at det er ei lukka tilskipping som mellom anna inneber at det ikkje er open for andre enn dei som er personleg invitert i tillegg til at ingen kan sleppe inn i lokalet etter at skjenkinga har teke til. Er det tvil om arrangementet fyller reglane for lukka selskap, skal ein nytte einskilde løyve.

Kommunen har egne søknadsskjema ein må nytte, og søknaden skal leverast til kommunen.

5.6 Alkoholpolitiske retningsliner for løyvefri skjenking

Ein treng ikkje løyve dersom:

- Arrangør er ein privatperson.
- Det gjeld eit slutta lag (bryllaup, fødselsdagsfeiring, konfirmasjon o.l.).
- Utleigar ikkje står for andre delar av arrangementet enn sjølve utleiga.
- Det ikkje vert overdrege alkohol mot vederlag (kuvertpris, vanleg sal, m.m.).
- Arrangør står for innkjøp av mat og alkohol.
- Det ikkje er eller vert annonsert i aviser, plakatar, løpesetlar m.m..

Alle punkta må vera oppfylte for at løyvefritaket skal gjelda.

Nærare om krava som må stettast:

Dersom alle punkta er stetta - betyr det at det ikkje lenger trengst skjenkeløyve for private arrangement i lokalar der det berre gjeld utleige av lokalar og leigetakar/deltakarar medbringer sine eigne drikkevarer og/eller arrangøren ikkje tek betalt (krev godtgjersle for slike). Med private arrangement meiner ein tilskipingar som vert halde av privatperson(ar) i leigde eller lånte lokale som eit alternativ til sin eigen heim (grunna plassmangel).

Det er ikkje slutta lag når gjestene er samansett av ein tilfeldig og ubestemt krins av personar sjølv om desse har same bakgrunn og interesse. Det er såleis ikkje tilstrekkeleg at personar berre teiknar seg på ei liste. Deltakarar på kurs og konferansar vil til dømes ikkje utan vidare koma inn under nemninga. Det vil heller ikkje foreningsmøte og årsmøte.

Vert det skjenkt utan løyve og ein ikkje tilfredstill dei krav som vert sett for å ha løyvefri skjenking, vert dette ein sak for politiet.

5.7 Vilkår i høve løyve etter §§1-6 og 4-5

Søknad om skjenkeløyve etter §§1-6 og 4-5 skal leverast seinast tre veker før løyvet skal tas i bruk. Kommunen forbeheld seg retten til å avvise eller avslå søknader på grunnlag av at det er levert for seint.

Til løyvet er det knytt fastsatt skjenketid. Dersom ikkje anna er sagt er skjenketida:

- Brennevin - Mellom kl. 13.00 og 24.00
- Øl og vin - Mellom kl. 08.00 og 01.00

Det er høve til å søkja om utvida skjenketid.

Konsum av utskjenka alkohol må opphøyre og utskjenka alkohol må samlast inn seinast 30 minuttar etter skjenketidas utløp.

- Den som skjenker, eller er ansvarleg for skjenking, av brennevin må ha fylt 20 år. Den som skjenker, eller er ansvarleg for skjenking, av øl og vin må ha fylt 18 år. Den som skjenker anna alkoholhaldig drikk under 2,5% må ha fylt 18 år.
- Den det vert skjenkt til må ha fylt 20 år for brennevin og 18 år for øl og vin.

Det skal som hovudregel vere aldersgrense på 18 år ved skjenking av øl og vin, og 20 år ved skjenking av brennevin. Skal det gjerast unntak frå dette, må dette opplysast særskild om i søknad til kommunen. Denne søknaden må opplyse korleis arrangøren då kan sørge for at ingen under aldersgrensa får tilgang til alkoholhaldig drikk.

Løyvehavaren er ansvarleg for at skjenking/servering av alkoholhaldig drikk vert avgrensa til skjenkelokalet, skal sjå til at gjestene ikkje nyttar alkoholhaldig drikk utanfor dette lokalet og skal sjå til at gjestane ikkje bringer med seg alkoholhaldig drikk inn i skjenkelokalet eller tek det med seg ut av skjenkelokalet.

Det er eit vilkår at der det vert servert alkoholhaldige drikk skal det også vera tilgang på alkoholsvake eller alkoholfrie drikkar. Det skal vere ein naturleg erstatning for både øl og vin. Desse drikkane skal førast opp på drikkekart og prislister. Å berre servere brus er ikkje akseptabelt.

5.8 Sanksjoner

Dersom alkohollova vert broten, skal ein etter skjønn mellom anna leggja følgjande til grunn når ein fastset reaksjonsmåte:

1. Normalt skal ein ved fyrste brot reagere med ei skriftleg åtvaring. Dersom lova på nytt vert broten, misser ein løyvet i eit tidsrom på 1 veke - 3 månader. Ved fleire brot fell løyvet vekk.
2. Ved særleg grove brot på lova, kan løyvet inndragast i minimum 14 dagar sjølv om det er fyrste gongen. Normalt vert dette rekna som grove brot på lova:
 - brot på reglane om aldersgrense
 - brot på reglane som gjeld sal og skjenking til synleg rusa personar

Har ein fått inndrage skjenkeløyve for 14 dagar, og bryt lova på nytt (grove brot) innan 6 månader vert løyvet inndrege i minimum 2 månadar. Bryt ein lova på nytt innan 1 år vert løyvet inndrege minimum 1 månad.

3. Rådmannen får fullmakt til å gje åtvaring i samsvar med punkt 1. Oversikt over gjevne åtvaringar vert etter kvart lagt fram for kontrollutvalet og formannskapet.
4. Er omsetningsoppgåve ikkje levert innan fristen, kan rådmannen eller annan delegert person, inndra løyvet til oppgåve er levert.
5. Er sals- eller skjenkeavgifta ikkje betalt etter purring, kan rådmannen eller annan delegert person, inndra løyvet til avgifta er betalt.

I høve ambulerande løyve og løyve for einskild høve skal ein leggja følgjande til grunn når ein fastsett reaksjonsmåte dersom alkohollova vert broten:

1. Normalt skal ein ved fyrste gong reagere med ei skriftleg åtvaring. Dersom lova på nytt vert broten, får vedkommande lag/organisasjon/person karantene i eit tidsrom på 1 månad til 6 månader. Ved fleire brot vert det gjeve ei karantenetid på inntil 5 år.

2. Ved særleg grove brot på lova, kan ein gje ei karantenetid på minimum eit år, sjølv om det er fyrste gongen. Normalt vert dette rekna som grove brot på lova:
 - brot på reglane om aldersgrense.
 - brot på reglane som gjeld sal og skjenking til synleg rusa personar.
3. Rådmannen får fullmakt til å gje åtvaring i samsvar med punkt 1. Oversikt over gjevne åtvaringar vert etter kvart lagt fram for kontrollutvalet og formannskapet.

5.9 Kontrollverksemd

Formannskapet er tillagt det politiske ansvaret for kontrollverksemda med sals- og skjenkestadene i Vaksdal.

Verksemder som har sals- eller skjenkeløyve skal kontrollerast ofte og kontrollane skal utøvast på eit tidspunkt der verksemdene har størst omsetnad.

Kontrollane vert utført av skjenkekontrollen i Kvam Herad. Vaksdal Kommune inngjekk avtale med dei frå 1. juli 2001. Ein rekkje andre kommunar (til dømes Voss) er med i same ordninga. Dette er ein godt fungerande ordning som gjer kommunen høg kompetanse i slike spørsmål.

6. Framlegg til tiltak

Det er eit spekter av edruskapspolitiske tiltak som kan vere aktuelt å iverksetja i kommunen. I dette kapittelet vil plannemnda føreslå ulike tiltak ut frå følgjande inndeling:

- **Tiltak retta mot tilgangen av alkohol**
- **Tiltak retta mot bruken av rusmidlar**
- **Tiltak retta mot skadeverknadene av rusmiddelbruk**

Plannemnda har valt å retta søkelyset på tilgangen av alkohol, då kommunen ut frå eit alkoholpolitisk skjøn kan velja kor mange sals og skjenkeløyve ein vil tildela, og kva retningsliner som skal liggja til grunn for handsaming av slike saker.

Alkohol er og ei lovleg vare som er regulert i alkohollova, medan tilgang til andre rusmidlar som til dømes narkotika er eit ulovleg rusmiddel som er regulert av straffelov og lov om legemidlar. Tiltak retta mot tilgangen av desse stoffa er saker for politietaten.

6.1 Tiltak retta mot tilgangen av alkohol

Etter alkohollova sin § 4-2 kan ein gje skjenkeløyve for ein, fleire eller alle sortar alkoholhaldige drikker. Løyve for brennevin kan berre gjevast dersom det og er gjeve løyve for øl og vin. Løyvet kan vere alminneleg eller innskrenka. Innskrenka løyve gjeld berre skjenking til deltakarar i slutta selskap. Alminneleg skjenkeløyve kan berre utøvast på den godkjende skjenkestaden, og for den godkjende type verksemd. Løyvet kan, etter søknad, i einskilde høve utvidast til å gjelda utanfor skjenkestaden.

I dag har kommunen 3 alminnelege skjenkeløyve, og 1 innskrenka løyve. Løyve til kommunen sine sjukeheimar kjem i tillegg til dette.

I følgje alkohollova sin §4-5 har kommunen høve til å oppretta eit eller fleire ambulerande skjenkeløyve som ikkje er knytt til nokon særskilt person eller skjenkestad, og som gjeld skjenking for deltakar i slutta selskap. Det er i dag to ambulerande skjenkeløyve i kommunen.

6. 2 Tiltak retta mot bruken av rusmidlar

Det er fleire grupper i folkesetnaden som er eller kan vere særleg utsett for problem i samband med rusmiddelbruk. Ein kan til dømes nemne ungdom, gravide, arbeidslause og barn i rusmiljø. I denne samanheng vil plannemnda setja søkelys på nokre tiltak som kan vere aktuelle i vår kommune.

Det kan vere noko vanskeleg å komme med korrekte kostnader for dei føreslåtte tiltaka. Alle tall må difor kontrollreknast før dei vert tatt til følgje i eit budsjettvedtak.

6.2.1 Miljøarbeid

Haldning til rusmidlar vert i stor grad utvikla gjennom miljøpåverknad. Ei viktig oppgåve vert difor å skapa rusfrie samvermiljø, og byggja opp eit aktivt og rusfritt ungdomsmiljø. Det er vesentleg at ein gjev barn og ungdom gode vilkår for å utvikla eit godt sjølvbilete der dei kan meistra sin eigen kvardag og utvikla sin eigen kultur utan surrogat og rusmiddelbruk.

Skulen har i samarbeid med foreldreutvalet på ungdomsskulen og politiet arbeid med oppdraging/grensesetting i rusmiddelarbeidet. Dette tiltaket vert vurdert å vera så bra at det bør oppretthaldast.

6.2.2 Klubbleiar

Ein har i dag kultur, barne og ungdomskonsulent i heil stilling. 50% av stillinga vert nytta til barne- og ungdomsarbeid. For å førebygge rusbruk er det viktig å oppretthalde stillinga som ungdomsleiar som kan følgja opp ungdomsmiljøa, og ha ansvar for å koordinera eit samarbeid mellom heim, skule, lensmanns-etat og organisasjonsliv.

Målsetting framover er oppretting av delstillingar som ”klubbleiarar” i 20% i kvar av dei tre største ungdomsklubbane, Vaksdal , Stanghelle og Dale. Å følgja opp aktiviteten på kveldstid ser nemnda på som eit viktig førebyggjande tiltak mot rusbruk. Det er ikkje mogleg for ein med berre 50% stilling å følgja opp denne aktiviteten samstundes som han skal administrera ungdomsarbeidet. Dette tiltaket bør ha høg prioritet innan førebyggjande arbeid.

Delstillingar som ”klubbleiarar” i 20% har vore foreslått i tidlegare rusmiddeplanar men er ikkje gjennomført. Dette bør prioriterast.

Ansvar: politikarar

Kostnad: Omlag kr. 200 000,-

6.2.3 Førebyggjande kontrolltiltak

I samband med høgrisikodagar som 1. og 17. mai, jonsokaftan etc. skal kommunen knyta til seg /mobilisere nattevandrarar og patruljerande politi som er synleg i miljøet. Arbeidet vert koordinert av ungdomsleiar saman med lensmannsetaten.

Ansvar: Lensmannsetat – stab - foreldre

Tidspunkt: Kontinuerleg

Kostnad: Om lag kr. 20 000,- kvart år til alternative aktivitetar på høgrisikodagar.

6.2.4 Skapa og støtta gode arenaer/aktivitetar som utelukkar rusmidlar

Ein må tilby rusfrie møtestader der ungdom kan ha medansvar for drift og aktivitetar, og finna tenlege lokale til dette. Utfordrande aktivitetar som fengjer grupper utan serskilde fritidsinteresser, som til dømes dans, musikk-, medie- og motorsykkkelverkstad og bruk av natur. Desse aktivitetane er uforeinlege med rusbruk og ein bør sjølvstøtt poengtera dette under vegs.

Samarbeid med "Dans utan grenser" og "Nei til Narkotika" er til dømes gode måtar å få til ein dialog og aktivitetstilbod på.

Ansvar: Stab - organisasjonar.

Tidspunkt: Kontinuerleg

Kostnad: Vanskeleg å gje ein generell sum. Må sjå på kvart prosjekt for seg, og så rekne det ut.

6.2.5 Punktfråhald

For å markera ein edruskapspolitisk profil, og som eit haldningsskapande tiltak, tilrår ein at all kommunal representasjon bør vera alkoholfri.

Når det gjeld den idrettsaktiviteten som har flest aktørar i vår kommune, fotballen, er det greitt å leva etter vedtak i Norges Fotballforbund av 22.11.94: "Det er i NFF's egen interesse at miljøet i aldersbestemte klasser er heilt alkoholfritt, at ingen av utøverene møter til trening eller konkurranser med ettervirkninger av alkohol i kroppen og at vår tribunekultur er trygg, familievennlig og alkoholfri."

Ein tilrår at alle idrettsarrangement vert gjennomført i ei edruskapspolitisk ånd.

Kostnad: Ingen

6.2.6 AKAN

For å førebyggje rusmiddelbruk på arbeidsplassane i kommunen, er det viktig at AKAN (arbeidslivets komité mot alkohol og narkotika) fungerer reelt. Dei største verksemdene har sine AKAN-utval, også i Vaksdal kommune.

AKAN-arbeidet generelt må styrkjast ved at AKAN-kontaktane samordnar arbeidet sitt etter initiativ frå den kommunale AKAN-kontakten.

AKAN-arbeidet for dei kommunalt tilsette må styrkjast og gjerast meir effektivt og forpliktande, m.a. med budsjettmidlar. Sigmund Simmenes (Dale skule) er kontaktpersonen i kommunen. Ein kan også ta kontakt med personalavdelinga.

Ansvar: AKAN-utvalet for Vaksdal kommune

Tidspunkt: Kontinuerlig

6.3 Informasjons og opplysningsarbeid

Ein trur ikkje at opplysningsarbeid åleine kan endre haldningar. Informasjonsarbeidet er likevel ein viktig del av det førebyggjande arbeidet, både generelt og spesielt retta mot risikogrupper.

Det er tidlegare i planen nemnt at det føregår ein del opplysningsarbeid både i skulane, i helsetenesta og elles gjennom individuelle samtaler. Det kan vere grunn til å drøfta ei styrking av dette arbeidet. Her kan ein til dømes nemne tiltak som å bruke massemedia, arrangere ein edruskapskonferanse osv.

I hovudutval for oppvekst og kultur sin verksemdsplan for 2000 er eit av resultatmåla: "Skulen skal driva aktivt rusmiddelførebyggjande arbeid". Verkemiddel: Etterutdanning for personale i høve ny læreplan, Lions Quest og liknande.

Ein tilrår at skulen held fram med og utvidar sitt informasjons- og opplysningsarbeid. Som eit konkret tiltak bør ein ha med i årsplanen for skulen at alle elevar som går siste året i barneskulen får besøk av ein fagperson som kan gje aktuell informasjon om rusbruk og skadeverknader av dette. Alternativt at skulen sjølv har dette som eit eige prosjekt.

Ansvar: Rådgjevar for skule

Tidspunkt: Kontinuerleg

6.4 Plannemnd

Nemnda tilrår at kvart nytt kommunestyre sett ned ei ny plannemnd og at rusmiddelplanen vert rullert samstundes som ein fattar nye vedtak om sals- og skjenkeløyve. Desse løyve vert fornye kvart fjerde år, og det er også ein naturleg lengde mellom kvar gong ein oppdaterer rusmiddelplanen.

Det er ikkje hensiktsmessig å ha ein rusmiddelplan om den ikkje vert fulgt opp. Dette tiltaket bør difor prioriterast.

Tidspunkt: Kontinuerlig

Ansvar: Kommunestyret

Kostnad: Ordinær møtegodtgjersle

6.5 Tiltak retta mot skadeverknaden av rusmisbruk

6.5.1 Informasjons- og opplysningsarbeid

Helsepersonell driv aktivt informasjons- og opplysningsarbeid om skadeverknadene av rusmisbruk. Informasjonsarbeidet kan også utformast slik at det blir retta mot konkrete situasjonar som medfører fare for skade til dømes rusbruk i samanheng med båtliv, trafikk og bading.

I samarbeid med lensmannsetaten og helseavdelinga bør skulen skipa informasjonsprosjekt vedrørande trafikk til lands og til sjøs og farane med rusmiddelbruk i slike samanhengar.

Dei hjelpetiltaka som finnes for rusmisbrukarane og familiare deira er også tiltak som kjem inn under dette punktet som rettar seg mot skadeverknadene av rusmiddelbruk (er omtalt i pkt.4)

Ansvar: Rådgevar for skule - lensmannsetat - helseavdeling.

Tidspunkt: Kontinuerleg

6.5.2 Ettervern

Sosialavdelinga merker at trenden går mot tyngre stoffmisbruk (narkotika) og kommunen har fleire klientar som mottek subutexbehandling. Kommunen har i dag ikkje eit godt nok oppfølgings- og ettervernstilbod for denne brukargruppa. Målsettinga framover for sosialavdelinga bør vere å arbeide aktivt for å få ein miljøarbeidar i 50 % stilling som kan ha ansvar for oppfølging og ettervern for denne brukargruppa. Dette kan være i samarbeid med andre einingar (til dømes psykiatritenesta), interkommunalt samarbeid eller på eiga hand.

Ansvar: Sosialavdelinga

Tidspunkt: Snarast

Kostnad: Om lag kr. 185 000,- for miljøarbeidar 50% stilling og 10 års ansiennitet